



Jostein Gangstø frå Tønnegarden i Holmefjord reiste ei tønne og brukte tønnevinna.

På laurdag gjesta seks handverkarar Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden. Handverkarar var samla i Kvinnerad på kurs i lagging med Knut E. Skåla som instruktør. Inger Smedsrud frå Norsk Håndverksinstitutt på Lillehammer var med på samlinga. På Rød fekk deltakarane sjå lagga og fletta gjenstandar. På Bøkkerverkstaden fekk alle innsyn i bøkkerfaget.

Lagging er eit gammalt handverk som til tider held på å bli gløymd. Knut E. Skåla er godkjend instruktør og held kurs på nasjonalt nivå. Han lærte den handborne kunnskapen av Ingvald Skålnes.

Det er to måtar å laga trekar på. Det eine er ved lagging. Den andre måten er ved bøkring. På Rød fann kursdeltakarane eldre lagga og bøkra gjenstandar.



[Bøkker Jostein Gangstø har reist tønna. Ordtaket om å falla i stavar kjem frå denne arbeidsprosessen.](#)

Ved lagging vert kvar stav tilforma og felt inn i botnen. Ein skjult treplugg er bort inn mellom kvar stav i øvre enden. Denne pluggen skal hindra stavane i å forskyva seg. Pluggen vert kalla dubblung. Av lagga brukskar kjenner vi mellom anna saltekar, mjølke- og ystekar og smørkinner.

Dei seks kursdeltakarane var fagfolk på kvar sine handverk. Korg- og kipemakaren kom frå Fykkesund. Jostein Gangstø er bøkker og driv Tønnegarden i Holmefjord. Hardanger fartyvernssenter var representert. Det same var Stiklestad nasjonale kultursenter. På Stiklestad byggjer dei opp ein vikinggard på autentisk vis. Trygve Øvstebø frå Åkra var med. Han driv med kipebinding.

Kurset var administrert frå Håndverksinstituttet. All aktivitet på kurset vart filma og dokumentert. Lagging står på den såkalla raudslista av handverk. Med registrering og dokumentasjon er målet at desse handverka ikkje går ut av bruk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kursdeltakarane samla i Bøkkerverkstaden på Rød. Knut E. Skåla, Jostein Gangstø, Kas Johansen, Inger Smedsrud, Samson Øvstebø, Arne Eriksen og Hege Ken Wiken.